



## DEN NORSKE KYRKJA Soknepresten i Bygland



# KONFIRMANT 2019 PÅMELDING TIL KONFIRMASJON.

Dette er eit brev til deg som vil vere konfirmant i 2019. Allereie no kan de melde dykk på til konfirmasjon! Det trur eg ikkje at de skal angre på! De har mykje fint i vente undervegs fram mot konfirmasjonsdagen til neste vår. Ikkje minst skal de få ein eineståande innsikt i kva kristendom er for noko.

Vi har no omorganisert opplegget noko i høve til i fjor. Vi har innleia eit samarbeid med Evje og Hornnes kyrkjelyd, og det tenkjer eg vil vere positivt på den måten at vi får vere med på ein del spanande ting som dei har der nede. Men den tradisjonelle undervisninga vil fortsatt vere her i Bygland, og den skal eg stå for.

Det første de skal få vere med på er Kick-off med blant anna rafting. Dette gjeng av stabelen allereie laurdag den 1. september. Det har tidlegare vore frammøte på TrollAktiv-senteret på Syrtveit kl.08.40. Men om tidspunktet vert endra, skal de få beskjed. Om nokon av dykk ikkje kan vere med på raftinga, må de likevel møte opp og bli med på eit alternativt opplegg. Sett av heile dagen. Eg vil vere der og ta i mot dykk og vere med heile dagen. Ta kontakt med meg om de har spørsmål til dette.

Den 7. oktober vert det felles konfirmantpresentasjon i Bygland kyrkje kl. 16.00. Der må alle kome.

Vi skal òg ha ein konfirmantleir saman med Evje og Hornnes den siste helga i oktober. Sett av den helga allereie.

Og så må vi ha eit informasjonsmøte med foreldre og konfirmantar. Passer det for dykk tysdag 11. september kl. 18.00 på Vonheim bedehus?

Så er det jo undervisninga. Den er ikkje avklara med skulen enno. Meir informasjon om alt dette kjem etter kvart.

Alle som vil vere med på konfirmasjonsopplegget må melde seg på på eit påmeldingsskjema på heimesida vår: [www.kirken.bygland.no](http://www.kirken.bygland.no)

Få med deg ein av dine føresette og finn fram til artikkelen Konfirmantpåmelding, og sett i gang og fyll ut skjemaet. NB! HUSK Å AVSLUTTE UTFYLLINGA MED: **SEND**. Det er også viktig at de kryssar av for kva for ei kyrkje de ønsker konfirmasjon, og bekreftar at vi kan sette bilete av dykk inn i avisa.

Dette brevet går til dei som er døypte og tilhøyrige, og som har adresse her i Bygland. Tilhøyrig tyder at en ikkje er døypt, men at minst ein av foreldra er medlem i Den norske kyrkja. Men alle er uansett velkomen til å følgje konfirmantopplegget. Så om de veit om nokon som ikkje har fått dette brevet, men som ønskjer å vere med, så sei at dei òg må gå inn og finne påmeldingsskjemaet på heimesida og melde seg på.

Har de spørsmål av noko slag, så må de bare ringe. Telefonnummeret mitt står under her.

Håper vi sjåas den 1.september! ☺

Vennleg helsing frå  
Sokneprest Kjell Steinbru.